

SIDESNAKK

Hyllar
dugnadsånda

Emigrantkyrkja på Sletta. ARKIVFOTO: HELGE SUNDE

Kjartan Rødland har skrive historia om korleis Vestnorsk Utvandringssenter demonterte og flytta ei kyrkje og fem andre bygningar frå det norskamerikanske Midtvesten til Radøy.

– Gratulera med boka «**Draumen vart verkeleg. Vestnorsk Utvandringssenter 1997-2012**». Korleis vil du karakterisera oppbygginga av senteret?

– Det er eit storverk. Dei har berga ein viktig del av norskamerikansk historie som var i ferd med å gå tapt. Dei har fått dekkja nesten alle sider ved norsk utvandringshistorie.

– **Kva vitnar desse bygningane om?**

– Kyrkja er den mest sentrale, og står for kontakten med den norske kulturven deira. Kyrkja bar vidare norsk språk, norske songar, norsk kristendom. Skulen var den opne døra til det amerikanske samfunnet. Prærieklinikken representerer det første helsevesenet – i løpet av kort tid skaffa emigrantane seg både lege og jordmor. Dei fekk lokalt sjølvstyre i såkalla townships, og dei folkevalde sat i rådhuset. Men dei fekk også sosiale problem, og på Radøy står det eit fengsel med to celler. Det blei for det meste brukt til folk som måtte sova rusen av seg.

– **Kor er bygningane henta frå?**

– I eit relativt lite område i Nord-Dakota og Minnesota.

– **I boka fortel du om det dugnadsarbeidet som er lagt ned av frivillige på Radøy for å få dette til. Kva er du mest imponert over?**

– At dei greidde å flytta ei heil kyrkje. At dei stadig greier å skaffa ei gruppe på 10–15 frivillige som betaler reisa over til USA av eiga lomme. Då dei skulle flytta fengselet stilte amerikanarane også med ein dugnadsjeng. Det var 10–15 fangar som var utlånte, og dei syntest det var riktig triveleg å riva eit fengsel.

– **Handlar dette mest om hus?**

– For meg begynte det med bygningar, men det handlar mest om menneske. I Amerika var alle frie og hadde same rettar. Heime kunne dei ikkje ein gong gifta seg med den dei ville. Frå Radøy drog dei første over Atlanteren i 1860. I 1862 kom «homestead act», som gav 600 mål med jord til alle som ville dyrka. Då auka utvandringa kraftig. Til saman sendte nordmennene rundt 20 millionar kroner heim årleg i den tidas pengeverdi. Det var nesten halve statsbudsjettet.

– **Kva betydde nordmennene for Amerika?**

– Amerika utvikla seg til eit viktig jordbruksland ved hjelp av nydyrkinga i Midtvesten. Jernbanen gjorde at dei fekk varene ut.

– **Har Vestnorsk Utvandringssenter sett punktum for præriebyen sin no?**

– Dei har ei vakker ønskeliste. Skulle dei supplera, kunne det vore med ein saloon, ein skysstasjon, ei smie og ein landhandel. Dei har sett seg ut nokre aktuelle hus, men det kostar pengar å få til.

– **Det er lett å lesa denne boka som eit minnesmerke over dugnadsånd.**

– Ja. Sletta er eit knøttlite samfunn i ein ganske liten kommune. Mykje på Radøy er gjort ved hjelp av dugnad.



IMPONERANDE: Det er eit viktig arbeid Elisabeth Aasen har gjort med sine seks bøker om kvinner i europeisk kulturhistorie.

HISTORIE // Elisabeth Aasens bok om korleis 1800-talets kvinner kjempa fram stemmeretten, er godt formidla.

Mot straumen

SOM EIN HYLLEST til formødrene våre som kjempa fram stemmeretten for kvinner, kjem Elisabeth Aasen med sjette og siste bok i det store arbeidet sitt om kvinner i europeisk kulturhistorie. I desse viktige bøkene har ho med sitt kvinneperspektiv og synleggjeringsprosjekt, skrive seg gjennom hundreåra frå mellomalder via barokk og renessanse til opplysningstid. I «1800-tallets kvinner» viser Aasen ikkje minst korleis kvinner synleggjorde seg sjølv i den framveksande borgarlege offentlegheita, for så etter 1850 å begynne ein meir organisert og direkte kamp for sivile og politiske rettar. Avgjerande er sjølv sagt Camilla Collett og hennar banebrytande roman

«Amtmandens Døttre» frå 1855, for med «henne byrjar den norske kvinnebevegelsen».

MEN DET ER IKKJE berre bøkene til dei skrivande 1800-talskvinnene Aasen er oppteken av. Også privatlivet blir løfta fram for å gi oss eit innblikk i korleis kvinner faktisk levde: umyndiggjeringa, kor vanskelege kår mykje av nybrottsarbeidet til intellektuelle kvinner blei til under. Slik får også Aasen fram kor modige desse kvinnene var. To av dei mest kjende 1800-«forfatterinnene», som Aasen vel å kalle dei for å tydeleggjere tidskoloritten, er franske George Sand og britiske George Eliot. Begge skriv under mannlege pseudonym,

begge tøyser også gjennom private livsval 1800-talsamfunnets patriarkalske normer. Feminisme, meiner Aasen, ligg difor også i private kvinnehistorier.

BOKA ER DELT OPP mellom norske og vesteuropeiske kvinner, noko som viser korleis norske kvinner henta inspirasjon utanfrå, og las for eksempel Jane Austen og Brontë-systrene. Eit kapittel er vigd den intellektuelle Harriet Martineau, «feminist i Mary Wollstonecrafts ånd», fordi ho kjempa for å kunne «uttrykke seg offentleg og ha økonomisk selvstendighet». Både Aasen sjølv og kvinnene ho skriv om, framhevar feministen Wollstonecrafts tidlege kritikk av Rousseaus reaksjonære kvinnesyn. «Rousseau er det verste som har skjedd kvinnehistorien. 1800-tallet blei ein nedtur for kvinner,» seier Aasen.

EIN MANNLEG HELT for både Aasen og hennar 1800-talskvinner, er John Stuart Mill og hans bok «The subjection of Women» (1869) som fekk avgjerande innverknad på den organiserte kvinnebevegelsen. Siste del av boka, «Stemmeretten i sikte», tar for seg den organiserte kvinnekampen. Aasta Hansteen, Katti Anker Møller, Fernanda Nissen og fleire, men særleg framhevar Aasen Gina Krog som «kvinnebevegelsens fyrtårn» for hennar konsekvente innsats for stemmeretten.